

Sak 28-22. Innkjøpskonsekvensar av nasjonal merkeordning av behaldarar.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtek at VØR i framtida kjøper behaldarar i standard nasjonal svart RAL-farge, og merkar dei ulike behaldartypene med nasjonale emblem.

Saksutgreiing

Avfall Noreg vedtok ei nasjonal merkeordning i 2020 av behaldarar med standardiserte emblem og fargekoder. Tidlegare kommunikasjonsansvarleg Ina Osdal Saure hadde i 2020 ein presentasjon for styret om temaet.

Sitat frå heimesida til Avfall Norge:

I samarbeid med LOOP har vi jobbet ut et nytt sett med kildesorteringsmerker for lik merking og fargebruk over hele landet. Målsetningen er lik merking på emballasjen, på dunken hjemme og på jobb, og i det offentlige rom, for å gjøre det enklere for forbruker å kildesortere riktig.

Bakgrunnen for prosjektet er et større arbeid med å harmonisere innsamling og behandling av husholdningsavfall i Norge slik at Norge kan oppnå 65% materialgjenvinning i tråd med EUs langsiktige målsetting.

Merkene er utviklet basert på Danmark sitt piktogramsystem som ble lansert av Dansk Affaldsforening i 2017. I løpet av prosjektet er det etablert et samarbeid med de andre nordiske landene, og ambisjonen er en felles merkeordning for hele Norden. Samarbeidsprosjektet har fått støtte fra Nordisk Ministerråd. Sitat slutt.

Vi har lagt ved fargekodene til saka, og der ser vi at fargane som no skal brukast, bryter med dei fargane som VØR fram til no har brukt på behaldarane.

Fraksjon	Stamme	Lokfarge idag	Ny farge
Matavfall:	Grøn	Brunt	Grøn
Papp/ papir/plast	Grøn	Blått lok	Blå *
*Blank plastsekk			Signal violett
Glas og metall	Grøn	Gul	Blågrå og lys grøn
Restavfall	Grøn	Grøn	Svart

Vi har fortsatt behaldarar på lager for matavfall, glas og metall emballasje og nokre papirbehaldarar av storleik 240 L med våre opphavlege fargar, og dei vil vi bruke opp.

Når vi no skal supplere lageret med nytt, opplever vi at leverandørane har den nye standardfargen på lager, medan vår «gamle» standard både er dyrare og ikkje er å oppdrive utan å gå via spesialbestilling frå fabrikk. Då må vi kjøpe minimum i kontainerstorleik, dvs ca 1000 stk av dei ulike storleikane 140 L, 240 L, 360 L for kvar av dei fire ulike fraksjonane. Leveringstid opp mot 6 månader. Det blir unødvendig kostbart, plasskrevjande og det vil


bryte med effekten på kvalitet som ligg som grunntanken i Avfall Norge sin satsing på standardisering.

Nykjøp gjeld no framover i hovudsak restavfall og nokre storleikar av papirbeholdarar.

Mitt råd er derfor å gå for standardfargen på behaldar som er RAL 9005 /Jetblack, og så merke lok og behaldarar elles med dei nye standardiserte emblema.

På den måten reduserar vi lager og kapitalbindinga etter kvart til ein fjerdepart av alternativet. Det er og den løysinga mange i bransjen og går over til no.

Økonomisk sett er det den beste løysinga i høve lagerføring og det vil vere lettare å kjøpe inn når ein held seg til standard lagerførte typar hos leverandørane.























Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Vedlegg: Fargekode på behaldarar ved henteordning

<https://avfallnorge.no/hva-jobber-vi-med/slik-kan-norge-kildesortere>











HENTEORDNING FARVEKODER

CMYK / Pantone / RGB / RAL

		CMYK 80 0 90 50 PANTONE 349 C RGB 0 100 50 / #006432 RAL 6001 / EMERALD GREEN
		CMYK 80 0 90 0 PANTONE 7482 C RGB 0 160 75 #00a04b RAL 6037 / PURE GREEN
		CMYK 60 0 40 0 PANTONE 563 C RGB 100 190 170 / #64beaa RAL 6027 / LIGHT GREEN
		CMYK 95 35 5 0 PANTONE 2185 C RGB 0 130 190 / #0082be RAL 5015 / SKY BLUE
		CMYK 25 35 65 5 PANTONE 7562 C RGB 190 160 100 / #bea064 RAL 1024 / OCHRE YELLOW
		
		
		
		
		

GENBRUGSPLADSER FRAKTIONSNAV

Nedenfor og på de følgende sider kan du se ov til engelsk og tysk:

		Natur Nature Natur
		Haveaffald Garden waste Gartenabfälle
		Jord Soil Erde
		Kompost Compost Kompost
		Træstammer & rødder Stumps & roots Baumstämme und Wurzeln